

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 13.06.2023

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Jon-Harald Huus, Veslemøy Mjelde, Oddmund Skeie og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Thorleif Gjernes, Guri Bugge og Ingrid S. Haavik

Referent: Kaia

Sak 2023/43: Godkjenning av innkalling og dagsorden. Godkjent

Sak 2023/44: Godkjenning av referat frå styremøte 09.05.2023. Godkjent

Sak 2023/45: Eigedomar:

- Asfaltering av plassen ved kulturhuset, status etter kontakt med kommunen ved Hjalmar Heimvik i Park, veg og hamn. Det er ikkje planar om asfaltering i området denne sommaren. Anbefalte å sende ein søknad om støtte til restfinansiering. Kontakt også med Kvinnherad Asfalt som ynskjer bilet av området, dei kjem inn og vurderer jobben i månadsskiftet juni/juli for å gje tilbod. Då har me to tilbod til samanlikning.
- Slåttearbeid ved kulturhuset, ballbingen og akebakken i sommar. Styret prøver å få slått eit par gonger. Slått i kulturstien rundt bakkane til Haavik i Sævare, me tek ein dialog med dei og ser kva me får til.

Sak 2023/46: Tilstellingar:

Jonsok arrangement, komiteansvarleg i år er 4H. Feiringa vert ved kulturhuset.

Herand bygdelag har oppgåva med å setje ut bord/stolar.

Sak 2023/47: Økonomi:

Status: kasserer søker straumstøtte frå ny ordning gjennom Sparebankstiftinga Hardanger. Det er sendt en rapport til Sparebankstiftinga på arbeidet på kulturhuset, måling, vindauge, dør. Det er nokre midlar igjen av denne tildelinga.

Sak 2023/48: Herand Kulturhistoriske senter:

Status for utstillinga og museumsvakter for sommaren; sommaren er bemanna av 4 ungdommar som deler vekene mellom seg. To av dei jobba i fjar, to er nye. Fyrste opningsdag er 20. juni.

Sak 2023/49: Herand omsorgsbustader A/S:

Til orientering: på Generalforsamling 06.06.2023 vart det opplyst at styret i Herand Omsorgsbustader har fått forslag frå kommunen om vilkår for vidare samarbeid, gjeldande i 3 år. Det vert ekstraordinær generalforsamling 20. juni for å få valt inn eit siste styremedlem. Gunnar Dalseth har teke attval som leiar.

Sak 2023/50: Jondal Frivilligsentral:

Årsmøte var 06.06.2023. Guri var i møtet som representant for HB. Eventuell info frå møtet? Saka vert utsett til neste styremøte i august, grunna forfall.

Sak 2023/51: Herand Båtlag:

Søknad om årleg driftstilskot serviceanlegg i Herand (vedlagt i innkallinga). Herand bygdelag avslår samrøystes søknaden. Det er ikkje mogleg for bygdelaget å binde seg til årlege driftsutgifter i båthamna. Båtlaget er eit medlemslag med kommersiell drift, og må søke å dekke sine utgifter gjennom eige drift og offentleg støtte (kommunen, Turistveg Hardanger, Statens vegvesen).

Sak 2023/52: Andre saker/eventuelt:

Guri Bugge har sendt oss e-post (28.04) med info om utlysing av nye midlar for ladeinfrastruktur for elbil frå fylkeskommunen. Ho nemner i same e-posten LivOGLyst for lokalsamfunnsutvikling (vedlagt i innkallinga). Saka vert utsett til neste styremøte i august, grunna forfall.

Neste styremøte tysdag 15.08.23 kl. 19.00 på Herand kulturhus.

Herand bygdelag ynskjer alle ein retteleg god sommar!